

Vedtekter for Ungdommen sitt kommunestyre i Luster.

Vedtekne i Luster kommunestyre den 28.11.19, sak 69/19.

1. Heimel

Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12, og forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd av 17.06.2019.

2. Føremål

UK er eit rådgjevande organ som skal sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad *frå* ungdom *for* ungdom i alle saker som vedkjem dei.

3. Samansetjing

- Luster ungdomsskule 3 medlemar.
- Hafslo barne- og ungdomsskule 3 medlemar.
- Sogndal vidaregåande skular 4 medlemar
- Frivillige organisasjonar i kommunen 2 medlemar fordelt på 4H og idrettslaga + vararepr.
- Alle ungdomsparti kan stille med 1 medlem + varamedlem.
- Kommunestyret peikar ut ein representant med vararepr. som observatør med tale og forslagsrett i UK.

4. Oppnemning

Kommunestyret vel medlemane m/varamedlemar.

Valperioden er inntil to år.

UK vel sjølve leiar og nestleiar, som også er ein del av eit arbeidsutval.

UK vel arbeidsutvalet som består av leiaren og nestleiareren samt 1 medlem + 1 varamedlem.

Representantane kan veljast frå 8 kl. til og med siste året som lærling/vidaregåande.

Medlemane kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

Skulane og elevråda på skulane får skriftleg kontakt før skuleslutt med oppfordring om å nominere representantar innan 10 september.

Skulane/elevråda organiserer valmøte og melder inn sine forslag til kandidatar.

Luster 4H-nemnd nominerer representant for 4H klubbane. Idrettsrådet i Luster kommune nominerer representant frå idrettslaga.

5. Oppgåver

UK skal ha seg førelagt alle saker som vedkjem ungdom sine interesser og behov. Dette så tidleg som mogleg i saksgangen.

Arbeidsutvalet skal ha tilsendt saklistene til møte i kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsutvalet.

UK skal ha rett til å uttale seg før saker vert tekne opp til avgjerd i kommunale utval. UK sin uttale skal leggjast fram for vedtaksorganet.

UK kan ta opp saker som dei meiner er viktige for ungdommen i Luster kommune.

Innanfor ei økonomisk ramme som vert vedteke av kommunestyret, kan UK setja i verk eigne tiltak.

UK skal ikkje handsama saker som gjeld avgjerd overfor enkeltpersonar.

UK skal for kvart skuleår utarbeide årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.

Årsmeldinga skal også sendast til kommunale einingar, fylkesråd for ungdom og andre instansar som rådet vil informere?

6. Møte og møteinnkalling

UK held minst 3 faste møte i året + møte etter behov.

Møtedatoar vert fastsett i kommunen sin årlege møteplan. Leiaren i samråd med sekretariatet kan ev. kalla inn til ekstramøte, ev flytte møtedatoar.

Varamedlemane blir kalla inn til eit opplæringsmøte pr. år.

7. Sekretariat

Sekretariatet vert lagt til rådmannen, som utpeikar ein person til å ivareta sekretærfunksjonen for UK. Sekretæren skal halde UK orientert om saker som kan ha interesse for UK. Saksdokumenta skal leggjast fram for UK i så god tid som mogeleg før den politiske handsaminga av sakene.

8. Økonomi

Kommunestyret vedtek budsjett for drift av UK.

UK skal informerast om framlegg til budsjett og har uttalerett.

Utgifter til drift av UK skal dekkast over eigen budsjettpost.

9. Rettar og plikter

UK sin rett til deltaking i kommunestyret går fram av reglement for kommunestyret. Uk sine medlemar har elles rettar og plikter knytt til reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår og etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Luster.